

---

Saksnr: 2020/72790-3  
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.11.2020

**Val av styremedlemer til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet nemner opp Arne Osland som styreleiar for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
2. Fylkesutvalet nemner opp Gunn Mongstad som styremedlem for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
3. Fylkesutvalet nemner opp Alfred Bjørlo som styremedlem for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
4. Fylkesutvalet nemner opp ..... som vara for styret til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Samandrag

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival vart skipa 14.mars 1991. I dei oppdaterte vedtektene frå 2020 står det m.a. at Vestland fylkeskommune (VLFK) skal velje 3 styremedlemmer med vara for en periode på 2 år. Det er VLFK som peikar ut styreleiar.

Denne saka er ei sak som i utgangspunktet skulle handsamast i valnemnda og deretter i fylkestinget, Jfr. Reglement for folkevalde organ og delegering til Vestland fylkeskommune, under Reglement for valnemnda. Grunna kort frist for å få på plass ei avgjerd, må vi i denne saka nytte punkt 5. Avgjerd i hastesaker:

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1. Vedtekter for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

**Saksutgreiing**

Bakgrunn for saka

I Førde Internasjonale Folkemusikkfestival sine oppdaterte vedtekter frå 2020 står det at Vestland fylkeskommune (VLFK) skal velje 3 styremedlemer med vara. På bakgrunn av dette tok direktør av stiftinga kontakt med fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering 29.09.20.

Følgjande personar vart oppnemnde frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2018:

Arne Osland kom inn som styreleiar  
Johan Kåre Kjærstad kom inn som styremedlem  
Gunn Mongstad vart vald for to nye år som styremedlem

#### **Val av styrerepresentant:**

Det går fram av Reglement for folkevalde organ og delegering til Vestland fylkeskommune, under Reglement for valnemnda, at:

#### **Reglement for valnemnda**

Valnemnda er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Valnemnda gir innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget. Valnemnda legg fram forslag til medlemer, varamedlemer, leiar og nestleiar i fylkeskommunen sine råd og utval, der ikkje anna er fastsett i lov eller i reglement.

Valnemnda legg og fram forslag til representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og institusjonar, generalforsamlingar mv, der fylkeskommunen har medlemer og varamedlemer i styret. Valnemnda behandlar og søknader om fritak og midlertidig fritak frå fylkeskommunen sine medlemer i råd og utval.

#### 1. Samansetjing

Fylkestinget vel i det konstituerande møtet ei valnemnd for heile valbolken. Valnemnda bør ha 13 medlemer som reflekterer styrkeforholdet i fylkestinget. Alle partia skal vere representerte i valnemnda.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Valnemnda er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

#### 2. Oppgåver

valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget.  
(...)

Grunna kort frist for å få på plass ei avgjerd, må vi i denne saka nytte punkt 5. Avgjerd i hastesaker:

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla.

#### **Forslag til styremedlemer**

Vestland fylkeskommune (VLFK) skal velje 3 styremedlemmer med vara for en periode på 2 år. Blant dei 3 styremedlemmene skal VLFK oppnemne ein som styreleiar styreleiar.

Å vere ein del av styret til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival inneber fyrst og fremst at ein har engasjement og interesse av å vere ein del av dette arbeidet og slik vere med og utvikle festivalen vidare inn i framtida. Vidare er det eit føremon at ein har kjennskap til festivalen og har tidlegare styreerfaring eller tilsvarande. Fylkesrådmannen sitt forslag til oppnemning er difor følgjande:

Styreleiar: Arne Osland

Styremedlem: Gunn Mongstad

Styremedlem: Alfred Bjørlo

**Førde Internasjonale Folkemusikkfestival**

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival vart skipa 14. mars 1991. Stiftarar var Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Førde Kommune, Førde Næringsutvikling (no Førde Industri- og Næringsssamskipnad (FINS)), Landslaget for Spelemenn (no FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans), Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Førde Ungdomslag og Indre Sunnfjord Spelemannslag.

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival er ei ideell stifting og har som oppgåve å gjennomføre ein internasjonal folkemusikkfestival kvart år i Førde.

Målet er å fremje kunnskap om og interesse for norsk og internasjonal folkemusikk og -dans gjennom konsertar, kurs og andre tiltak. Festivalen skal vere med på å auke generell kunnskap om andre lands kultur, og medverke til fred og forståing mellom ulike folk og nasjonar ved å gjere Førde og Sogn og Fjordane til ein møtestad for utøvarar frå heile verda.

Den årlege festivalen skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinnhald. I tillegg kan det knytast andre kulturuttrykk og aktivitetar til arrangementet, som kan sjåast i naturleg samanheng med hovudføremålet. Stiftinga kan òg stå for arrangement i samsvar med hovudføremålet andre stader i fylket og utanom tida for sjølve festivalarrangementet.

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival står på eiga linje i budsjettet til Vestland fylkeskommune. I 2020 fekk stiftinga 3 360 000 kroner i driftsstøtte.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Saka medfører ikkje økonomiske forpliktingar for Vestland fylkeskommune

**Klima:** Saka har ikkje tyding for klima

**Folkehelse:** Kunst og kultur opnar for deltaking og utvikling for alle

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål